



Sunnfjord kommune

# Informasjonsmøte Helse Førde 11.02.21

Marita Brandsøy Lystad

# Institusjonstilbod Sunnfjord kommune

- Sunnfjord kommune har fire institusjonar med tilbod om heildøgns omsorg til vaksne og eldre brukarar:
  - Naustdal omsorgssenter
  - Sande omsorgssenter
  - Skei omsorgssenter
  - Førde omsorgssenter
- I 2019 vart det nedsett ei prosjektgruppe som gjorde ei kartlegging av kva tilbod og omfang vi hadde av institusjonstilbod i dei fire kommunane som skulle bli Sunnfjord (Førde, Gaular, Naustdal og Jølster).
- Prosjektgruppa kom med ei tilråding om å samle rehabiliteringsplassane i Sunnfjord kommune på Skei omsorgssenter, samt å samle korttidsplassane i Sunnfjord kommune på Førde omsorgssenter.
- Politisk vedtak av saksframlegg i februar 2020.

# Arbeidsgruppe

- Våren 2020 vart det nedsett ei arbeidsgruppe, som fekk i oppdrag å løyse det politiske vedtaket.
- Arbeidsgruppa var tverrfagleg samansett, og hadde som mandat å planlegge for denne omlegginga, der rehabiliteringsplassar vert lagt til Skei omsorgssenter og korttidsplassar til Førde omsorgssenter.
- I tillegg vart det bestemt at alle dei fire omsorgssentra skal ha tilbod om langtidsplassar, avlastningsplassar og palliativ plass.
- Arbeidsgruppa er ferdig med dette arbeidet, og held på med sluttrapport. Omlegginga vart iverksett 1. februar 2021.

# Arbeidsgruppe

Det vart nedsett ei arbeidsgruppe som skulle jobbe vidare med å løyse det politiske vedtaket. Arbeidsgruppa var tverrfagleg samansett:

- Kirstin Bruland, kommunalsjef pleie og omsorg
- Kurt Even Andersen, kommunalsjef helse og sosial
- Wenche Farsund, einingsleiar Skei omsorgssenter
- Gunn Beathe Bruland, einingsleiar korttidseininga Førde omsorgssenter
- Anders Rosø, fastlege Skei legesenter og tilsynslege Skei omsorgssenter
- Mariann Kapstad, sjukeheimslege Førde omsorgssenter
- Gry Aase Alnes, einingsleiar tildelingseininga
- Elin Enebakk, tillitsvald Fagforbundet
- Christine Toft Figenschou, tillitsvald Norsk sjukepleiarforbund
- Asbjørn Fjose, representant frå Eldrerådet
- Audun Nedrebø, representant frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Kjell Idar Dvergsdal, fagutvikling- sekretær for arbeidsgruppa
- Marita Brandsøy Lystad, einingsleiar fysio/ergoterapi og leiar for gruppa

# Sunnfjord kommune: institusjonstilbod frå 01.02.21

- Alle omsorgssenter: langtidsplassar, avlastningsplassar og palliativ plass
- Skei omsorgssenter: rehabiliteringsavdeling med 7 plassar + ein palliativ plass; til saman 8 plassar
- Førde omsorgssenter: korttidsavdeling med 14 plassar + ein palliativ plass; til saman 15 plassar
- Endringa medfører ikkje noko auke i tilbodet totalt sett, men det vert ei samlokalisering av pasientar med liknande behov- rehabilitering på Skei og korttid i Førde
- Omlegginga er gjort utan tilførsel av ressursar, men med nokre omdisponeringar

# Modell for ansvarsfordeling rehabilitering- gjeld framleis

<b>Kommune</b>	 <p data-bbox="1080 905 1462 1172">Brukers mål om best mulig funksjons- og mestringsevne, selvstendighet og deltakelse sosialt og i samfunnet.</p>	<b>Spesialisthelsetjeneste</b>
Behov for kompetanse knyttet til muligheter og begrensninger i nærmiljø?		Behov for spesialisert kompetanse?
Behov for langvarig og koordinert oppfølging?		Behov for kompleksitet?
Behov for tverrsektoriell samhandling?	Behov for intensitet?	

# Kommunal rehabilitering= enkel rehabilitering

Rehabiliteringsavdelinga på Skei vil ha tilgang på følgende fagkompetanse:

- Lege
- Sjukepleiar
- Helsefagarbeidarar
- Fysioterapeut
- Ergoterapeut

Tilsvarande fagkompetanse vil også vere tilgjengeleg ved korttidsavdelinga i Førde.

Avdelingane har ikkje tilbod om:

- Logoped (men kan nytte privatpraktiserande)
- Ernæringsfysiolog
- Synspedagog
  
- Der er heller ikkje lege 24 timar i døgnet

# Metodebok

Det har blitt laga ei felles «Metodebok» for rehabiliteringsavdelinga og korttidsavdelinga, og denne seier mellom anna noko om:

- . Kva tilbod Sunnfjord kommune har i høve tidsavgrensa opphald i institusjon
- . Saksgang for tildeling av opphald
- . Kriterier for å få tildelt høvesvis korttids plass og rehabiliteringsplass
- . Innhald i tenestetilbodet
- . Utskrivingsrutinar
- . Transport til og frå opphald